



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Jølster kommune

6843 SKEI I JØLSTER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/3779-2

18. september 2018

Om storleik på spelemiddeltilskot til fotballhall i Jølster

Kulturdepartementet viser til spørsmål om særskild vurdering av tilskot til fotballhall.

Kommunen har meldt at planlagt speleflate er 56 x 98 m, som vil seie at det ikkje er plass for ei fotballbane av full storleik på 64 x 100 m, som er vilkåret for tilskot som storhall. Det er også slik at tilskot til storhall inneber ein meirverdi i kraft av å ha ei bane som oppfyller tilrådte mål for 11'er fotball, og tilskot er ikkje ei rein proporsjonsutrekning av tilgjengeleg areal.

Utgangspunktet for hallen er derfor tilskot til hall med speleflate på 50 x 70 meter. At hallen er noko breiare og lengre utløyser ikkje nødvendigvis tilsvarande større funksjonalitet for idrett og det blir derfor ikkje gjort ei proporsjonal oppjustering av tilskot. Departementet finn likevel å tilgodesjå det auka arealet til ein viss grad, slik at maksimalt søknadssum for hallen blir 1/3 av kostnadane, maksimalt 7 000 000 kroner.

Tilskot til fotballhallar føreset lager for fotballmål og idrettsmateriell utanfor tryggingssona, samt to sett garderobar. Om det ikkje blir bygde garderobar vil maksimalt søknadsbeløp bli redusert med 1 mill. kroner.

Med helsing

Ole Fredriksen (e.f.)
avdelingsdirektør

Daniel Storholthe Kristiansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 866

Avdeling
Avdeling for
sivilsamfunn og idrett

Saksbehandlar
Daniel Storholthe
Kristiansen
22 24 78 37

Kopi

Sogn og Fjordane fylkeskommune

KOPPI